

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 01.09.2016

SAKLISTE

- DELEGERTE SAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- KVALITETSMELDING FOR OPPVEKSTSEKTOREN 2016
- KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016-2020. HØYRINGSUTKAST
- FØRINGAR FOR UTARBEIDING AV ØKONOMI- OG HANDLINGSPLAN 2017 – 2020
- NY KOMMUNELOV. HØYRING
- FELLES FORLIKSRAÐ FOR KOMMUNANE GULEN OG MASFJORDEN
- PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL FOR GULEN KOMMUNE 2016-2019
- NYE OPPGÅVER TIL STØRRE KOMMUNAR. HØYRING
- STRATEGISK PLAN FOR KYSTEN 2017-2025 - OFFENTLEG HØYRING AV PLANPROGRAM

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 12.
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Helsing frå ordføraren

Nok ein sommar er på hell utan at vi har merka så mykje til sola. Nedbøren har vore i nærheita av rekordane, og skapt store problem for bøndene våre med å få andreslåtten i hus. Men det har, tross det dårlege vêret vore mykje å glede seg over i kommunen vår denne sommaren.

Ungdomane våre gjorde ein kjempeinnsats under Landsskyttarstevna i Målselv. Dei fekk ikkje mindre enn 4 Noregsmeistartitlar i klassene Rekrutt og Eldre Rekrutt. I tillegg fekk vi ein 2. plass, og fleire skyttarar som kvalifiserte seg til finale i sine klassar.

Dette er fantastisk innsats frå skyttarar i ein liten kommune som Gulen, og vitnar om at Skyttarlagga i kommunen har gjort eit godt og målretta arbeid

med dei unge, både på treningsida, men ikkje minst på det å bygge gode anlegg og eit godt miljø i laga. Det er berre å ta av seg hatten for dette, og ynskje dei alle lukke til vidare.

I NHO sitt kommune NM har Gulen kommune kome i fokus. Vi har dei siste 5 åra klatra 100 plassar. Det er best i fylket, og tredje best i landet. For å gjere det godt må ein ha gode resultat på ulike faktorar innan næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og økonomi. Dette viser at Gulen kommune er inne i sin god trend, og at det gode samarbeidet vi har mellom kommune, næringsliv og frivillige er ein viktig ting å ta vare på i framtida. Dette lovar godt, og viser at vi i fellesskap kan hevde oss blant dei beste sjølv om vi er ein liten kommune sett i folketal.

Eg vil ynskje dykk alle ein god ettersommar og haust, og håpe på at vi får sjå meir til sola no framover.

Ordførar Hallvard Oppedal



Har nokon i din familie eller vennekrins demens ?

Demensteamet viser filmen «Alltid Alice» på Dalsøyra skule på Demensdagen

21. september kl 19.00 – 21.00

Det vert høve til samtale etter filmen om ønskjeleg.

Påmelding før 16.september til:
Miek Norman, tlf: 41610972 eller Oddny Trædal
tlf: 95702551

Venleg helsing Demensteamet i Gulen kommune i samarbeid med Helselaget i Brekke

Kommunereforma – og litt om andre pågåande reformar



Gulen kommunestyre gjorde den 22.06.2016 slikt vedtak i sak om kommunereform:

1. Gulen kommune held fram som eigen kommune.
2. Formannskapet og Kristeleg folkeparti får i oppdrag å gjere et nærmare vurdering av Gulen-KVA NO? Ei utgreiing av saka vert lagt fram for kommunestyret i samband med budsjettet for 2017.

Kommunen sitt vedtak vart oversendt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane innan fastsett frist som var 01.07.2016.

Fylkesmannen har fått i oppdrag å gje ei sjølvstendig tilråding innan 1. oktober om kva dei meiner vil vere ein tenleg kommunestruktur for Sogn og Fjordane. Tilrådinga vert ein del av grunnlaget for regjeringa sin proposisjon om ny kommunestruktur for landet, som skal leggast fram for Stortinget våren 2017.

Fylkesmannen si tilråding skal vere basert på kommunane sine reformprosessar, kriteria som eit ekspertutval har laga for ein god kommunestruktur, og dei fire måla for kommunereforma: Gode og likeverdige tenester, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, økonomisk robuste kommunar og eit styrka lokaldemokrati.

I arbeidet med tilrådinga vil Fylkesmannen bruke sin eigen kunnskap om kommunane, i tillegg til kommunane sine eigne utgreiingar. Fylkesmannen legg opp til ein open prosess og dialog med kommunane i dette arbeidet.

Dersom Fylkesmannen sine vurderingar skil seg vesentleg frå kommunane sine, kjem dei til å gjere kommunane merksame på det undervegs.



Ei regionreform er under utgreiing. Det pågår forhandlingane mellom Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane om fylka skal slå seg saman.

Det er venta at det kjem ei avklaring i løpet av hausten om det vert ein ny Vestlandsregion.



Parallelt med kommune- og regionreforma vert det utgreidd kva ny struktur fylkesmannen skal få. Tre modeller for fylkesmannen sin struktur vert drøfta, to av modellane kan gje ein vesentleg reduksjon i talet på fylkesmannsembeter.

De tre modellane som skal drøftast er:

1. Konsolideringsmodell som inneber mindre endringar av struktur en vi har idag
2. Regionmodell som inneber eit tal mellomstore embeter
3. Landsdelsmodell som inneber eit tal store embeter på landsdelsnivå

Hald deg oppdatert på kva som skjer i Gulen

På heimesida til Gulen kommune www.gulen.kommune.no vert det lagt ut fortløpande informasjon

Det er også mogleg å finne Gulen kommune på facebook

